



Bøsseberarar

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1163 - 16/13228

Saksbehandlar:
Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:
17.10.2016

Informasjon til bøsseberarane før TV-aksjonen 23. oktober

Takk for at du tok på deg å vera bøsseberar på denne nasjonale dugnaden for Røde kors!

TV-aksjonen 2016 skal gå til deira arbeid med å gje livsviktig hjelp til meir enn to millionar menneske i ni land som er ramma av krig og konflikhtar.

Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av: Jon Askeland (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Jon Magne Soltveit Gabrielli, Torill Helland og Monika Soltveit Gabrielli (sekretær).

Hugseliste:

1. Få tak i bøssa: Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast **på rådhuset torsdag 20. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 21. oktober kl. 12.00-16.30.**

2. Sjølve innsamlinga: Søndag 18. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøsseberarar. Det er viktig at du besøker alle husstandane på ruta di (sjølvsagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, heng meldingslapp på døra (vert utdelt saman med bøssene) om at du har vore der. Ungdom under 18 år, skal normalt ikkje gå åleine med bøssa.

3. Innlevering av bøssa: Merk at det er ny innleveringsplass for dei som går på Manger. Bøssene må leverast på rådhuset mellom kl. 17.00 og 18.00 (seinast 18.00). For dei andre står det informasjon på vedlagte liste om kvar og til kven du skal levera bøssa. Det er viktig at du sjekkar at innleveringa di er registrert av rodeleiar eller av den som tek i mot på rådhuset.

4. Har du spørsmål? Kontakt rodeleiaren din.

Beste helsing

Jon Askeland
Leiar i TV-aksjonskomiteen

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Bøsseberarar